



Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2081 - 17/21248

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
14.07.2017

Endringsløyve for etablering av carport som tilbygg til tomannsbustad bygg C - gbnr 137/188 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 338/17

Tiltakshavar: Bolig & Eiendom AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av tiltak godkjent i vedtak datert 16.09.16. Endringa er dokumentert på innsendt teikningsmateriell. Endringa medfører ei samla auke i bygd areal (BYA) på om lag 4,1 m². Samla grad av utnytting etter gjennomført tiltak er opplyst til 39,79% BYA.

Søknaden omfattar oppføring av tilbygg til tomannsbustad, tilbygget er ope overbygd areal som skal nyttast som carport. Største del av arealet er frå før medrekna i grad av utnytting som parkeringsplass på terreng.

Det vert elles vist til søknad motteken 27.06.17.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Fristen for handsaming er 19.07.17.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Alverflaten Gbnr 137/188/planid.: 1263-201111d er definert som bustadføre mål. Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 40 % BYA

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 31.03.17. Situasjonsplan viser tilbygg i form av carport på bygg A og B i tillegg til omsøkt endring på bygg C. Tilbygg til bygg A og B må søkjast om som eigen sak.

Tiltaket er plassert innanfor byggegrense i plan.

Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp

Omsøkt endring fører ikkje til auka/endra bruk.

Terrenghandsaming

Carport vert ført opp over parkeringsplassar i tilknytting til godkjet tomannsbustad (bygg C). omsøkt endring fører ikkje til endring i høve tidlegare godkjet terrenghandsaming.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket inngår som del av eit større prosjekt og har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6. Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Alt avfall skal leverast som næringsavfall til mottak godkjet av forureiningsstyresmakta.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjet plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak datert 16.09.16 for oppføring av tilbygg i form av carport til tomannsbustad (Bygg C) på eigedom gbnr. 137/188. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Løyve av 16.09.16 med ansvar og vilkår gjeld for tiltaket.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/2081

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arkoconsult AS
Bolig & Eiendom AS
Bolig & Eiendom AS

Postboks 103 5291
Stølen 26 5911
Stølen 26 5911

VALESTRANDSFOSSEN
ALVERSUND
ALVERSUND

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103 5291

VALESTRANDSFOSSEN